

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 30.1.2015
Stad: Geilo, Dr. Holms Hotell

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tony Kjøl,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Hallvor Lilleslett,	Gol kommune
Tor Magnussen,	Nes kommune
Tor Egil Buoen,	Flå kommune

- Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar
 - Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Anne Sandum og Tom Hauger og Eli Lundquist som stedfortreder for regionkontakt Tore Gilhuus.
 - Rådmannsutvalet deltok i sak 01 - 07
-

SAK 01-15 FOLKEHELSEKOORDINATORSTILLING

Vedtak

Med bakgrunn i Fylkesmannen i Buskerud si overraskande endring i bruk av skjønnsmidlar, utan noko forvarsel, skapar dette store problem med finansiering av folkehelsekoordinatorstilling. Saka blir utsett til neste møte for avklaring om alternativ finansiering.

SAK 02-15 VIDREUTVIKLING KARRIERESENTER I HALLINGDAL

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal ser positivt på utvikling av karrieresenter i Hallingdal.
2. Det er ynskjeleg at det i det vidare arbeidet blir klargjort nærmere for status med dagens ordning.
3. Regionrådet for Hallingdal ser det som føremålstenleg at arbeidsgruppa blir samansett med aktuelle ressursar, ut frå forslag om at innhaldet i karrieresenteret kan bli noko utvida.

SAK 03/15 GJENNOMGANG AV PROFILHANDBOK TIL PROFILEN TIL HALLINGDAL

Ulrikke Ytteborg orienterte om profilhandboka til profilen til Hallingdal, som ligg [her](#). Dersom det er tvil om bruk av profil eller det er ynskjeleg med rådgjeving vil Regionrådet kunne hjelpe til.

I samband med Hytemessa på Exploramaserteret på Hellerudsletta 9 – 12 april vil det bli ein felles stand for Hallingdal. Kommunane i Hallingdal som ynskjer å delta på messa avklarar med Ulrikke Ytteborg.

SAK 04-15 GJENNOMFØRING SYKKELPROSJEKT OG PROFILERINGSPROSJEKT LANGRENN

Vedtak

- 1.a. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd 50% av kostnadane til sykkelprosjekt Hallingdal, innanfor ei øvre ramme på kr. 300.000.
Tilskotet blir finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.
- 1.b. Visit Geilo skal vera prosjektansvarleg for sykkelprosjekt Hallingdal.

- 1.c. Styringsgruppe for sykkelprosjekt Hallingdal skal vera med ein representant frå kvart av destinasjonsselskapa i Hallingdal i tillegg prosjektleiar for Regionrådet sitt prosjekt Hallingdal 2020.
- 1.d. Før prosjektarbeidet blir sett i gang skal det utarbeidast prosjektplan med organisering, som blir lagt fram for Buskerud fylkeskommune/Regionrådet.
- 1.e. Prosjektet skal vera avslutta i 2015.

- 2.a. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd 50% av kostnadane til profileringsprosjekt langrenn, innanfor ei øvre ramme på kr. 300.000. Tilskotet blir finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.
- 2.b. Ål Utvikling skal vera prosjektansvarleg for profileringsprosjekt langrenn.
- 2.c. Styringsgruppe for profileringsprosjekt langrenn skal vera med ein representant frå kvart av destinasjonsselskapa i Hallingdal i tillegg prosjektleiar for Regionrådet sitt prosjekt Hallingdal 2020.
- 2.d. Før prosjektarbeidet blir sett i gang skal det utarbeidast prosjektplan med organisering, som blir lagt fram for Buskerud fylkeskommune/Regionrådet.
- 2.e. Prosjektet skal vera avslutta i 2015.

3. Tidlegare foreslått pott til turguiding for barn på kr. 70.000 blir foreslått lagt inn i sykkelprosjekt og profileringsprosjekt langrenn. Fordeling blir avklart i samband med prosjektplan.

SAK 05-15 UTGREIING OM VEGSAMBAND MELLOM AUSTLANDET OG VESTLANDET

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal arbeider vidare med uttale med dei føresetnadane som vart lagt i Hallingtinget sak 05-14. Regionrådet ser det som positivt at Rv7/Rv52 er foreslått som hovudveg aust - vest. Dette gjer at viktige tiltak på både Rv7 og Rv52 lettare kan gjennomførast. Samstundes er det viktig at Hallingdal i den komande prosessen også arbeider aktivt for at Rv7 Hardangervidda blir sikra god standard og reell vinterregularitet, som eit av dei prioriterte aust – vest sambanda.

Uttale i forhold til rapport aust – vest utgreiinga skal handsamast i Hallingtinget og det må avklarast nærmere om tidspunkt for Hallingtinget må endrast.

SAK 06-15 UTTALE; UTKAST NY POSTLOV

Uttale

Generelt

Regionrådet for Hallingdal (ordførarane i Hol, Ål, Hemsedal, Gol, Nes og Flå kommune) kan ikkje sjå nokon gode grunnar til å gjennomføre EU sitt tredje postdirektiv og ber regjeringa om ikkje å ta inn EU sitt tredje postdirektiv som del av norsk lov. Den førre regjeringa brukte vetoretten i EØS mot direktivet, og det er vanskeleg å sjå at det har skjedd noko som gjer at det er grunn til å endre dette standpunktet. EU har sjølv konkludert med at postdirektivet ikkje har gjeve billigare og betre tenester i EU-landa.

Erfaringane frå andre land tyder på at full konkurranse på posttenester fører til at dei aller største bedriftene får redusert portoutgiftene, mens små og mellomstore bedrifter og befolkninga i det meste av landet får dårlegare og dyrare posttenester. Det blir altså ei konkurransevriding. Regionrådet ser ingen gode grunnar for å sleppe til private aktørar til å ta seg av brevposten. På visse område er marknadsliberalismen ubrukeleg. Denne delen av posttenestene er eit døme på det. Framlegget til ny Postlov gjev dyrare og dårlegare distriktstilbod.

Distrikta

Gode posttenester i heile Norge er ein viktig del av infrastrukturen i samfunnet – viktig både for næringslivet og heile lokalsamfunnet. Post er nødvendig infrastruktur som gjer det mogeleg for folk og bedrifter i heile landet å handla og å kommunisera med kvarandre på like vilkår. Dårlegare og dyrare post-tenester, slik regjeringa har forslått i ny postlov, vil ramma folk og næringsliv i distrikta. Viss næringslivet vert svekka i distrikta, vert også grunnlaget for busetjing svekka. Ringverknadane kan verda store. Det vert dårligare vilkår for alle som ikkje bur og jobbar i sentrale strøk. Spesielt i distrikta har postombæringa også andre viktige bieffektar i forhold å gje innbyggjarane tryggleik i kvardagen, og dette er oppgåver som ikkje kan målast i kroner og øre. Posten utøver ein viktig samfunnsfunksjon, den er eit fellesgode.

Einingsporto

Posten må fram til alle og til same pris. Denne likskapen er viktig for eit grisgrendt og langstrakt land som Norge. Noreg må framleis ha einingsporto, lik over heile landet. Einingsportoen syter i dag for lik pris på brev i heile landet, og at overskotet frå lønsame område gjev gode og likeverdige posttenester for alle. Dersom marknaden vert liberalisert vil einingsportoen bli erstatta med makspris. Dermed kan me risikere å ikkje lenger få likeverdige tenester til lik pris i heile landet.

Sjølv om einingsporto måtte fungere i dag utan at den er politisk vedteke er det ingen garanti for at det vil bli slik i framtida og må sikrast i postlova.

Å sleppe til private aktørar er ein trussel mot likskapsprinsippet. Private aktørar vil skumme fløyta i dei tett befolka områda medan Posten må ta seg av dei ulønsame områda – distrikts-Norge og utkantkommunane. Regionrådet for Hallingdal vil åtvare mot dei samfunnsmessige negative verknadane av ny postlov og full liberalisering av marknaden.

Postomdeling

Regionrådet for Hallingdal vil framheve betydninga av at distribusjon av post over heile landet 6 dagar i veka vert vidareført. Dette må gjelda for all postombering og ikkje berre for aviser. Det må vera eit berande prinsipp i postlova at innbyggjarane i Noreg skal få post alle kvardagar heile året levert til si heimeadresse. Unntaksreglane for dette må ikkje kunna fastsetjast i forskrifter eller i enkeltvedtak i Departement eller Direktorat.

Stortinget må bestemma Postpolitikken i Norge.

Postpolitikken må ikkje verta eit byråkratiske departementalt ansvar styrt av sitjande regjeringar. Dette vert lite forutsigbart og gjev usikre vilkår, særleg for distrikts-Norge.

SAK 07-15 EVENTUELTT

Kollektivtransport

Vedtak

For at Hallingdal skal ha eit reelt dagtilbod for kollektivtransport Hallingdal – Oslo må det vera avgang frå Oslo på ettermiddag etter kl. 16:30. Etter ruteendringar er siste avgang på ettermiddag kl. 15:40. Dette gjer at Hallingdal ikkje har noko fullverdig tilbod.

Det er og viktig at morgenavgang frå Hallingdal går via Hønefoss til Oslo for kortast mogeleg reisetid og slik at ein er i Oslo ca. kl. 09:00. Her må det og sjåast på koordinering av skuleskyss til Hønefoss. Regionrådet arbeidar vidare med desse problemstillingane.

Helseekspressen

Det er eit ynskje at Helseekspressen kører nyevegen Sokna – Ørgenvika og ikkje går via Noresund. Rådsordførar og dagleg leiar skal ha møte med Vestre Viken for å avklare mogelegheitene.

Kontor Fjellnettverket

Dagleg leiar orienterte om vidare prosess i forhold til kontor for Fjellnettverket.

Det er tre som har søkt:

- Buskerud fylkeskommune, kontorstad Geilo
- Fjellregionen/Hedmark fylkeskommune
- Oppland fylkeskommune.

Kommunereform

Gol og Nes invitera dei andre formannskapa i Hallingdal til møte 10.februar om kommunereforma.

Ål 30.1.2015

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Tony Kjøl, Hol kommune

Ivar Brevik, Ål kommune

Hallvor Lilleslett, Gol kommune

Tor Magnussen, Nes kommune

Tor Egil Buøen, Flå kommune